

Nyhendebrev 3/2025

Landbrukskontoret for Gloppen og Stad

Her kjem eit nyhendebrev frå landbrukskontoret i Gloppen og Stad med nytt om jord- og skogbruk, søknadsfristar og ordningar. Har du spørsmål om noko, ta kontakt med oss!

Søknadsfristar og viktige datoar 1. kvartal 2026

Her kjem ei lita oversikt på fristar vi har for å søkje om ulike støtteordningar, tilskot og andre fristar. De kan lese meir om ordningane på heimesidene våre.

Ordning	Søknadsfrist
	Felles for Gloppen og Stad
Fellingsrapport	6. januar
Innlevering kjevar (Gloppen)	16. januar
Straumstøtte	Straumstøtteordninga for jordbruks- og veksthusnæringa - Landbruksdirektoratet
Tiltak i beiteområde	1. mars
SMIL	1. mars
Produksjonstilskot	10. januar: Etterregistreringsfrist avløysarutgifter, dyr sankt frå utmarksbeite og frukt/bær
Drenering	Løpande
Tilskot til taubane	Løpande

Produksjonstilskot del 1 – ny søknadsrunde 2026

Alle **husdyrprodusentar** skal levere både del 1 og del 2 av søknad om produksjonstilskot og avløysartilskot. **For del 1 er teljedato 1. mars og søknadsfrist 15. mars.** Sjå Landbruksdirektoratet sine sider for meir informasjon om kva som skal førast opp.

Nokre påminningar og presiseringar knytt til punkt der det ofte oppstår feil:

- Søyer, kode 145: **Dette gjeld berre søyer som er para førre haust.** Lam som førast over vinteren (til vårslakting) er ikkje tilskotsberettiga (**dette gjeld òg vêrlam**).
- Kodane 140 mjølkegeit, 139 mjølkesau og 120 mjølkekyr gjeld berre føretak som **disponerer mjølkekvote** på teljedato.

- Storfe: Hugs på å **oppdatere husdyrregisteret** slik at det stemmer overeins med tala i søknaden.
- Areal skal berre førast opp i del 2 av søknaden. Vi minner likevel om å sjekke om det har vore markslagsendringar som du er ueinig i, og oppmodar til å ta kontakt med kommunen så fort som råd dersom du har areal du ønsker vurdert.
- Ring oss gjerne eller avtal tid og kom innom dersom du har spørsmål til søknadsskjema, ordningane e.a, helst i god tid før søknadsfristen går ut.



Mjølkeproduksjon mot juletid. Foto: Karoline Bjerkeset, Gloppen kommune.

Og til slutt ei oppmoding om å **bruke kommentarfeltet i søknadsskjema!** Informer oss om du har lettare dyrerasar enn dei vanlegaste, skriv ei lita forklaring på små eller store endringar i drifta, eller om det er andre forhold som kan vere nyttige for oss å vite om. Det lettar sakshandsaminga for oss, og de slepp telefonar og spørsmål frå landbrukskontoret.

Avløyising – bruk av avløysar

Landbrukstenestene (NLT) melder at det til tider er utfordrande å ha nok arbeid til landbruksvikarane. Fint om de kan tak kontakt med NLT og stå på lista for å bruke dei også til ferie og fritidsoppdrag. Dette for å ha beredskap den dagen det blir eit akutt behov. Er det nokon som kan tenkje seg å danne ring, er det og god beredskap. Landbrukstenestene hjelper til med oppstart.

Sikre skogen for vinteren med skogforsikring

Det var ikkje veldig mykje skadar knytt til stormen Amy som herja i oktober i vårt område, men nokre vart råka. Statens naturskadeforsikring dekkjer ikkje stormskadar på skog og skogeigar risikerer å tape store verdiar om bestanda bles ned. Det er ei sær billeg forsikring som kostar nokre hundrelappar for den gjennomsnittlege skogeigar i Gloppen og Stad. Forsikringa gjer at du som skogeigar får dekka tapet av framtidig volumvekst i skogen og at du heller ikkje tapar pengar på tømmeret som likevel må ut ved stormskade. Forsikringa teiknar du hos www.skogbrand.no.

Treng du rettleiing på dette, kontakt oss!

Betal inn ekstra på skogfondet innan 5. januar


Å ta investeringstiltak i skogen gjennom skogfondskontoen din gjev skattefritak og er eit indirekte tilskot til skogeigar. I 2026 går tilskotssatsane for planting ned! Det kan hende at du ser at du kan ha behov for å setje av meir på skogfondskontoen din til å dekkje tiltak du skal gjere i skogen din i løpet dei neste åra. Det går fint an å byggje mindre skogsvegar med skogfondet sjølv om du ikkje får tilskot til dette frå kommunen. Skogeigar har høve til å betale inn meir på skogfondet av årets hogst slik at det er meir midlar som kan takast ut til investeringar som vert gjort. **5. januar** er absolutt siste frist for å betale inn elektronisk. Skal du nytte papirskjema, må dette sendast til kommunen i god tid før fristen. Les meir om [ekstra innbetaling hos Landbruksdirektoratet](#) og [kva du kan nytte skogfondet ditt til](#).

Nye vegnormalar for landbruksvegar

Det er utarbeidd ny vegnormalar for bygging av landbruksvegar enten dette er i samband med jordbruk eller skogbruk. Dei nye normalane tek omsyn til klimatilpassing og naturfare.

Oppdaterte normalar er gjeldande frå 1. januar 2026. Vi oppfordrar både bønder og skogeigarar til å setje seg inn i kva dei nye normalane inneheld. [På](#)

[Landbruksdirektoratet sine sider finn du dei nye normalane med tilhøyrande byggjebeskriving for den einskilde vegklasse.](#)



Skogsveg under bygging.

Foto: Karoline Bjerkeset, Gloppen kommune.

Ny strategi for midlar til jord- og skogbrukstiltak

Kommunestyra i Gloppen og i Stad har vedteke ny strategi for midlar til jord- og skogbrukstiltak som legg føringar for tilskotsordningar som kommunen forvaltar. Strategien omhandlar tilskotsordningar knytt til regionalt miljøtilskot (RMP), særskilde miljøtiltak i jordbruket (SMIL), tiltak i beiteområde, tilskot til skogkultur (planting, ungsogpleie), taubane og tilskot til skogsvegbygging. Du kan lese strategien som gjeld for din kommune under her.

[Strategi for Stad kommune.](#)

[Strategi for Gloppen kommune.](#)

Kursdagar - skog

Kappekurs – 6. januar 2026 på Reed, Gloppen

Kommunen arrangerer kappekurs i samarbeid med Skogselskapet i Sogn og Fjordane og skogeigarlaget i Gloppen. Kursinstruktør Arnt Laukeland går gjennom krav og reglement når ein skal levere tømmer til tømmerkjøpar gjennom eigenhogst. Det vil bli synt tømmerstokkar med ulike feil, og korleis ein klassifiserer og sorterer desse. Eit ope kurs som kan løne seg veldig om ein planlegg eigenhogst for levering i vinter. Sjå heimesida til kommunen for meir informasjon.

Det vert også kappedag i Stad, men dato er ikkje klart i skrivande stund. Følg med på heimesida til kommunen for meir informasjon etter kvart.

Skog, natur og samarbeidsklima – 2. februar 2026, Nordfjordeid

Skogselskapet i Sogn og Fjordane arrangerer møtet «Skog, natur og samarbeidsklima» i februar på Operahuset på Nordfjordeid. Her kan du høyre interessante innleiarar om både endring av natur ved følge av klimaendringar og korleis ein skapar og opprettheld eit godt samarbeidsklima. Arrangementet er gratis, men krevst at ein bookar billett:

<https://operahuset.no/program/>

Sommarjobb til ungdom i skogen 2026



To lokale ungdomar frå Gloppen som hadde sommarjobb i 2025. Foto: Karoline Bjerkeset, Gloppen kommune.

Skogselskapet i Sogn og Fjordane skal køyre i gang JOB:U-prosjektet med sommarjobb for ungdom i skogen også i 2026. Prosjektet skal stimulere til å gjere ungdom kjend med dei moglegheitene som ligg i skogbruket.

Sommarjobben vil i hovudsak bestå av ungskogpleie med ryddesag. Vi ynskjer veldig gjerne at lokal ungdom søker! Det er gode jobbmoglegheiter i skognæringa i framtida og her får ein utføre praktisk skogsarbeid i tillegg til å lære mykje om

norsk skogbruk. Har du ein ungdom i huset eller veit om nokon som kunne hatt lyst på ein sommarjobb som gjev både god trening og mykje frisk luft, så oppfordre desse til å søkje! Sommarjobbane vert lyst i starten av januar. Følg med på [Skogselskapet i Sogn og Fjordane sine facebooksider](#) eller kontakt landbrukskontoret for meir informasjon.

Hjortejakt

Meir informasjon om hjortejakta ligg på kommunen si heimeside:

[Gloppen kommune hjortejakt](#)

[Stad kommune hjortejakt](#)

Registrering av sette og felte dyr

Jakta nærar seg slutten. Hugs å registrere inn informasjon frå alle jaktdagar i Hjorteviltregisteret, inkludert dei dagane det ikkje vart sett eller skutt hjort.

Om alle felte dyr vert registrert i Hjorteviltregisteret kan valdleiar levere digital fellingsrapport til kommunen. Vald utan felte dyr skal informere om dette skriftleg.

Fellingsrapport leverast innan **tysdag 6. januar 2026.**

Fellingsavgift

Faktura for fellingsavgift blir normalt sendt ut rundt påsketider.

Kjeveinnsamling i Gloppen

Gloppen kommune skal sende inn kjevar frå eldre felt hjort (2,5 år og eldre). Det har blitt laga avtale med NINA som skal gjennomføre aldersbestemming av dei felte dyra.

Kjevelapp skal fyllast inn og festast på kjeven. Kjevelappar kan hentast på Heradshuset.

Kjevar skal leverast inn på Gloppen kommune på Heradshuset innan fredag 16. januar 2026. Gje beskjed om du ikkje klarar å nå fristen slik at sending av kjevar blir utsett. Kjevar som blir levert etter innsending blir mest sannsynleg ikkje ettersendt.

Hjortevorter

Om du oppdaga hudvorter på felt hjort, gje beskjed til utmarksforvaltar. Send inn bilde (om du har), samt stad, fellingsdato, aldersgruppe, kjønn og kondisjon på dyret.

Landbrukskontoret for Gloppen og Stad
ynskjer alle ei retteleg god jul og eit godt nytt år!

Helsing Jofrid, Odd-Harald, Lindis, Bernt, Karoline og Trine!

